



Kulturmidlar - Tilskott

Referansenummer: ZXX43U

Registrert dato: 14.03.2018 23:20:33

Vedlegg:

Budsjett Oster Brass 2018.pdf

Godkjent regnskap 2017 .pdf

Årsmelding Oster Brass 2017.pdf

Innleiing	
Kommunen tildeler kvart år midlar etter søknad frå enkeltpersonar og lokale lag/grupper/organisasjonar.	
Søkjaren er	
<input type="radio"/> Enkeltperson	<input checked="" type="radio"/> Gruppe/lag/organisasjon
Vel kategori for prosjektet	
<input type="checkbox"/> Kulturmidlar driftstilskott	<input type="checkbox"/> Kulturmidlar investeringar
<input checked="" type="checkbox"/> Kulturmidlar aktivitets- og prosjekttilskott	<input type="checkbox"/> Ungdomsmidlar
Namn/arbeidstitel på prosjektet	
Oster Brass - søknad om midler til solistkonsert	

Om søkjaren	
Organisasjonen	
Organisasjonsnummer	
992 392 835	
Namn	Adresse
Oster Brass	c/o Benedicte Midthaug Torsvik, Litlevika 71
Postnummer	Poststad
5914	ISDALSTØ
Telefonnummer	E-postadresse
40452611	bmtorsvik@gmail.com
Bankkontonummer	
36325008355	
Namnet på leiaren	
Benedicte Midthaug Torsvik	
Kasserar	
Førenamn	Etternamn
Øyvind	Skjævestad
Telefonnummer	E-postadresse
91860449	oyvind.skjevestad@gmail.com

Omtale av søkjaren/prosjektet

Omtale av søkeren/organisasjonen

Oster Brass blei stifta i 1981, og har gjennom mange år vore eit brass band i 1.divisjon. I inneverande sesong har korpset 32 faste medlemmer frå 16 til 51 år frå heile Nordhordland. Vi er opptatt av å gje unge musikantar utfordringar og moglegheiter, samt engasjere inspirerande dirigentar som skapar eit godt miljø for utvikling. Samtidig har vi eit uttalt mål om å vere eit springbrett for ungdom som ønskjer å spele på eit endå høgare nivå, og har sendt vidare musikantar til elitekorps som Eikanger-Bjørsvik Musikklag og Manger Musikklag. Oster har over mange år hatt ei bevisst haldning til å skape lokal forankring og tilknytning til kulturlivet i Lindås kommune og Knarvikområdet. Mellom anna set vi stor pris på eit nært band til dei lokale skulekorpsa. Fleire av medlemmene våre spelar framleis i skulekorps i regionen, og enda fleire har bakgrunnen derifrå. Vi meiner at nære relasjonar og gode samarbeid korpsa i mellom kan skape positive ringvirkningar for heile kulturlivet i regioen. Tilknytninga til Knarvik har òg vorte sterkare ved at vi frå hausten 2004 har hatt øvingslokale i Musikkhuset. Dette er noko vi set stor pris på.

Omtale av prosjektet/aktiviteten

Oster Brass har mange unge, lovande musikantar, og vi er eit springbrett for unge mellom skulekorps og elitedivisjon. Hausten 2018 ønskjer vi å opne dørene for endå fleire unge talent i området, ved å arrangere ein solistkonsert der vi inviterer med oss solistar frå skulekorpsa i nærmiljøet. Nordhordland har mange gode skulekorps med mange flinke musikantar, og ein slik konsert håpar vi vil vere til inspirasjon for musikantane i skulekorpsa og i Oster Brass.

Med ein slik konsert vil vi ha fokus på skulekorpsmusikantane, og vil då legge opp til eit repertoar som kan inspirere og engasjere dei, samstundes som det gir rom for musikalsk utvikling. Konserten håper vi å få gjennomført i eit lokale med god akustikk og plass til mykje publikum. Ein slik konsert vil vere meir omfattande å arrangere enn ein av våre vanlege konsertar, noko ein og ser igjen i kostnadane ved å arrangere den.

Med å gjennomføre eit slikt prosjekt håper vi å bli betre kjend med skulekorpsmusikantane vi har i nærmiljøet. I tillegg håper vi at skulekorpsmusikantane blir betre kjent med oss og korleis det er å spele i Oster Brass. Vi ønsker å knytte til oss lokal ungdom og håper eit slikt prosjekt kan hjelpe oss med å rekruttere medlemmar. I tillegg vil vi få vise oss for eit større publikum ved å invitere med oss musikantar frå fleire skulekorps, noko som alltid er kjekt når vi spelar konsert.

Dato/tidsrom for prosjektet/aktiviteten

September/oktober 2018

Staden for prosjektet/aktiviteten

Eigna lokale i Nordhordland

Er aktiviteten tilrettelagd for funksjonshemma?

Ja Nei

Budsjett

Før opp alle beløpa i heile tusen kroner.

UTGIFTER

Sum utgifter

85000

Spesifikasjon

Beløp

Leige av slagverk

16000

Direksjon

30000

Notar

6000

Blomar

5000

Servering konsert/bevertning seminar

10000

Leige av lokale

8000

Profilering

10000

Sum: 85 000,00

FINANSIERING

Søknadsbeløp for denne søknaden

60000

Blir det søkt tilskott hos andre instansar? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	Søknadsbeløp hos andre instansar 15000
Spesifikasjon - andre instansar	Beløp
NMF	15000
	Sum: 15 000,00
Andre inntekter utanom tilskott 10000	
Spesifikasjon andre inntekter	Beløp
Billettinntekter - estimat	10000
	Sum: 10 000,00
Sum finansiering 85000	

Medlemsmasse	
Før opp antall medlemmer i organisasjonen	
Mellom 0 og 5 år	0
Mellom 6 og 12 år	0
Mellom 13 og 19 år	8
Over 20 år	24
Har organisasjonen medlemskontingent? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	
Born/unge til og med 19 år	1800
Vaksne frå 20 år	2200